

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Kontrollutvalet i Lærdal kommune  
**Møtedato:** 23.11.2020 kl. 09:30  
**Møtestad:** Rådhuset – formannskapssalen

---

## SAKLISTE

19/2020 Godkjenning av møtebok  
20/2020 Skriv og meldingar – orienteringssaker  
21/2020 Framlegg til møteplan for kontrollutvalet 2021  
22/2020 Forvaltningsrevisjon SIMAS IKS  
23/2020 Handsaming av framlegg til risiko- og vesentlegheitsvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Richard Nesheim, tlf: 95 26 13 18 eller e-post [richard.nesheim@pwc.com](mailto:richard.nesheim@pwc.com).  
Varamedlemar møter etter nærare avtale.

Lærdal, 12.11.2020

Njål Kaardal Golf  
Leiar (sign)

Richard Nesheim  
Sekretariat

**Kopi:**  
Ordførar  
Rådmann  
Oppdragsansvarlig revisor

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 19/2020 Godkjenning av møtebok

<b>Sakshandsamar</b> Richard Nesheim	<b>Møtedato</b> 23.11.2020	<b>Sak nr</b> 19/2020
---	-------------------------------	--------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 28.9.2020 vert godkjent.

#### VEDLEGG

<b>Nr.</b>	<b>Dok. Dato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	28.9.2020		Møtebok frå møtet 28.9.2020

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

# Møtebok

**Møtedato:** 28.9.2020

**Møtetid:** 09.30 – 11.30

**Møtestad:** Rådhuset – formannskapssalen

**Saksnr.:** 16/20 - 18/20

<b>Følgjande medlemer møtte</b>	<b>Parti</b>
Njål Kaardal Golf	Sp
Britt Bruflot Gram	Sp
Jens Rikheim	SV
Guri Olsen	H

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Egil Natvik Vestrheim	Ap	Halvard Lunden	Ap

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Njål Kaardal Golf
<b>Frå sekretariatet møtte:</b>	Richard Nesheim
<b>Frå kommunen møtte:</b>	Rådmann Gunn Lerøy, Controller Lars Bogstad, Ordførar Audun Mo
<b>Frå revisjonen møtte:</b>	
<b>Utdelt i møte:</b>	

Underskrifter:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

## Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering:	Ope/unnateke off.
16/2020	Godkjenning av møtebok		O
17/2020	Skriv og meldingar – saker til oppfølging		O
18/2020	Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2021		O

### Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

#### Sak 16/2020 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	28.9.2020	16/2020

#### Framlegg til vedtak:

Møteboka frå møtet 15.6.2020 vert godkjent.

#### 28.9.2020 KONTROLLUTVALET

#### KON-16/20 VEDTAK:

Møteboka frå møtet 15.6.2020 vert godkjent.

Samrøystes

## Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 17/2020 Skriv og meldingar – saker til oppfølging

<b>Sakshandsamar</b> Richard Nesheim	<b>Møtedato</b> 28.9.2020	<b>Saknr</b> 17/2020
---	------------------------------	-------------------------

### Refererte skriv og meldingar:

#### Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	16.06.20	LNU ved Ole Ramshus Sælthun	Notat delt ut i kommunestyret 18.06: Vedr. økonomidelen i sluttrapport for omstillingsarbeidet i Lærdal og Årdal 2012-2018
2	18.06.20	Lærdal kommune	Vedtak i sak 53/20 i kommunestyret: Utvalsmoell
3	26.08.20	Jarle Offerdal	Innspel frå Jarle Offerdal vedkomande regulering av Losjehustomta
4	27.08.20	Lars Bogstad	Drøftingssak i formannskapet 27.08.20 – økonomi og handlingsplan 2021-2024
5	27.08.20	Lærdal kommune	Sakspapir og vedtak i sak 142/20 i formannskapet: Styring av tekniske tenester – tilbakemelding til formannskapet
6	27.08.20	Lærdal kommune	Sakspapir og vedtak i sak 143/20 i formannskapet: Organisering av næringsapparatet i Lærdal kommune
7	17.09.20	Lærdal kommune	Sakspapira til sak 167/20 i formannskapet: Delegasjonsreglementet for Lærdal kommune
8		Sekretariatet	Utkast til dagsplan for arbeidsmøte
9			Kommunebarometeret - utdrag

### Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

### 28.9.2020 KONTROLLUTVALET

#### Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet drøfta kort vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon. Det vert lagt opp til arbeidsmøte den 21. oktober i samsvar med utkast til dagsplan (vedlegg 8).

2. Kontrollutvalet drøfta kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen i neste møte.

### **Orienteringar i møtet:**

Til møtet hadde kontrollutvalet bedt administrasjonen om ei nærare orientering om følgjande saker:

1. Ei oppdatering på utviklinga i sjukefråværet i kommunen.

Lars Bogstad gjekk gjennom sjukefråværet på dei ulike einingane i kommunen. Generelt er sjukefråværet lågare i kommunen så langt i år enn det var i 2019. Men sjukefråværet ligg framleis for høgt i høve til landsgjennomsnittet.

2. Ein statusrapport i høve til kor langt administrasjonen er komen med å følgje opp tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten frå 2017 knytt til økonomistyring.

Lars Bogstad orienterte om at ein er komen langt med arbeidet med å lage eit nytt økonomi- og innkjøpsreglement. Målsetjinga er at ein skal få dette på plass i løpet av oktober. Dette økonomi- og innkjøpsreglementet skal svare ut dei tilrådingane som vart gitt i forvaltningsrevisjonsrapporten.

3. Lars Bogstad orienterte om status knytt til innkjøp i kommunen.

Tertialrapporten for 2. tertial var ikkje klar til møtet – men administrasjonen gav ei førebels orientering om den økonomiske stoda. Tala var ikkje ferdig kvalitetssikra. Men dei førebelse tala viste størst avvik mot budsjett for områda helse og pleie- og omsorg.

Lars Bogstad orienterte og om at kommunen har fått tilbakemelding frå Fylkesmannen om at kommunen sine rutinar ikkje har sikra forsvarleg handsaming av medikament. Kommunen har fått frist til 2. oktober med å gje melde tilbake til Fylkesmannen i høve til å rette avviket.

### **KON-17/20 VEDTAK:**

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande.

Til neste møte ynskjer kontrollutvalet ei nærare orientering om interkommunalt samarbeid knytt til innkjøp – samt nærare orientering om innkjøpssamarbeidet i regi av Kinn kommune.

Kontrollutvalet vil be om ei orientering om oppfølginga av pålegget frå Fylkesmannen knytt til rutinar kring medikamenthandsaming.

Kontrollutvalet viser til tidlegare vedtak i kontrollutvalet, seinast i sak 9/19. I dette vedtaket sa kontrollutvalet at dei ville ha ein avstemming av kommunen sin rekneskap knytt til omstillingsarbeidet opp mot den endelege oversikta over inntekter og utbetalingar frå LNU, når sluttrekneskapa ligg føre. Alle utbetalingar av tilskot er endå ikkje gjennomført, men om muleg vil kontrollutvalet til neste møte få ei avstemming mellom kommunen sine inntekter og

kostnader knytt til omstillingsarbeidet og endeleg oppsett over inntekter og utbetalinger av tilskot frå LNU.

## Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 18/2020 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2021

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	28.9.2020	18/2020

#### Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet gir følgjande framlegg om budsjett 2021 for kontrollutvalet i Lærdal kommune:

Område	2021
Kontrollutvalet	118 440
Sekretariatet	183 000
Finansiell revisjon	190 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000
Kjøp av selskapskontroll	0
<b>TOTALT</b>	<b>691 440</b>

Framlegget vert sendt over til administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

#### 28.9.2020 KONTROLLUTVALET

#### KON- 18/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet gir følgjande framlegg om budsjett 2021 for kontrollutvalet i Lærdal kommune:

Område	2021
Kontrollutvalet	118 440
Sekretariatet	183 000
Finansiell revisjon	190 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000
Kjøp av selskapskontroll	0
<b>TOTALT</b>	<b>691 440</b>

Framlegget vert sendt over til administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

Samrøystes

Møtet slutt

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 20/2020 Skriv og meldingar - orienteringssaker

<b>Sakshandsamar</b> Richard Nesheim	<b>Møtedato</b> 23.11.2020	<b>Sak nr</b> 20/2020
---	-------------------------------	--------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

#### VEDLEGG

##### Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	7.11.2019	Lærdal kommune/ kommunestyret	Saksframlegg og vedtak i sak 81/19 i kommunestyret: Tertialrapport 2-2020
2	ikkje datert	Lærdal kommune	Tertialrapport 2 – 2020
3	29.10.20	Lærdal kommune	Notat til formannskapet 29.10.20 – Budsjett 2021
4	29.10.20	Lærdal kommune	Saksnotat til kommunestyret: Framtidig organisering av næringsapparatet i Lærdal kommune

#### Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet bør drøfte kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på første møte i 2021

#### Orienteringar i møtet:

Til møtet har kontrollutvalet bedt om å få ei nærare orientering frå administrasjonen om følgjande saker:

1. Ei orientering om interkommunalt samarbeid knytt til innkjøp – samt nærare orientering om innkjøpssamarbeidet i regi av Kinn kommune
2. Ei orientering om oppfølging av pålegget frå Fylkesmannen knytt til kommunen sine rutinar kring medikamenthandsaming.



3. Orientering kring status på avstemming mellom kommunen sin rekneskap for omstillingsarbeidet opp mot LNU sin oversikt over inntekter og utbetalningar

Vidare vil rådmannen orientere om:

- a) Status på oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til internkontroll og innkjøp i teknisk sektor

(her vert det og laga eit skriv om dette – som kontrollutvalet vil få utsendt før møtet)

- b) Rekneskapsrapporten for 2. tertial



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
173/20	Formannskapet	29.10.2020
080/20	Kommunestyret	05.11.2020

<b>Sakshandsamar:</b> Lars Bogstad	<b>Arkiv:</b> K1-240	<b>Arkivsaksnr.</b> 20/423 - 21
------------------------------------	----------------------	---------------------------------

### 2. tertial 2020

#### Kort samandrag:

Me har laga prognose ut frå stoda pr 31.08.2020. Prognosa byggjer på rekneskapsførte tal fram til 31. august 2020, samt ei vurdering av inntekts- og utgiftsutsiktene for resten av året.

Tala og vurderingane ligg i vedlagd dokument.

Med bakgrunn i dette vert det også lagt ved eit framlegg om enkelte budsjettendringar.

#### Rådmannen si tilråding:

1. Tertialrapporten for Lærdal kommune vert teke til vitande.
2. Tertialrapporten for Nærings- og konsesjonsavgiftsfondet vert teke til vitande.
3. Følgjande budsjettendringar vert vedteke:

Ansvar	Prognose				
	Budsjett 2020	pr.31.08.20	Budsjettendring	Nytt budsjett	
129-Lærdaløyriskule	kr 22 630 800	kr 23 373 825	kr 500 000	kr	23 130 800
131 - Helse	kr 6 463 500	kr 8 926 261	kr 2 000 000	kr	8 463 500
133 - Pleie og omsorg	kr 35 058 800	kr 40 085 917	kr 3 500 000	kr	38 558 800
Avsetning til lønsreguleringsfond	kr 3 300 000	kr 500 000	-kr 2 800 000	kr	500 000
Skatt på inntekt og formue	kr 74 863 000	kr 72 981 000	kr 1 800 000	kr	73 063 000
Konsesjonskraft netto	kr 18 000 000	kr 16 901 549	kr 1 000 000	kr	17 000 000
Renteutgifter	-kr 6 700 000	-kr 5 089 448	-kr 1 600 000	-kr	5 100 000
Avsetning til disposisjonsfond	-kr 5 110 900	-kr 4 185 810	-kr 3 400 000	-kr	1 710 900
Avsetning til vedlikeholdsfond	-kr 1 000 000		-kr 1 000 000	kr	-

4. Vedtak i sak 041/20 vert stadfesta. Budsjettauke på Ansvar 162 finansiert ved redusering av avsetning til disposisjonsfond.

## 29.10.2020 Formannskapet

### Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

### FS-173/20 Vedtak:

1. Tertialrapporten for Lærdal kommune vert teke til vitande.
2. Tertialrapporten for Nærings- og konsesjonsavgiftsfondet vert teke til vitande.
3. Følgjande budsjettendringar vert vedteke:

Ansvar	Prognose				
	Budsjett 2020	pr.31.08.20	Budsjettendring	Nytt budsjett	
129-Lærdaløyriskule	kr 22 630 800	kr 23 373 825	kr 500 000	kr	23 130 800
131 - Helse	kr 6 463 500	kr 8 926 261	kr 2 000 000	kr	8 463 500
133 - Pleie og omsorg	kr 35 058 800	kr 40 085 917	kr 3 500 000	kr	38 558 800
Avsetning til lønsreguleringsfond	kr 3 300 000	kr 500 000	-kr 2 800 000	kr	500 000
Skatt på inntekt og formue	kr 74 863 000	kr 72 981 000	kr 1 800 000	kr	73 063 000
Konsesjonskraft netto	kr 18 000 000	kr 16 901 549	kr 1 000 000	kr	17 000 000
Renteutgifter	-kr 6 700 000	-kr 5 089 448	-kr 1 600 000	-kr	5 100 000
Avsetning til disposisjonsfond	-kr 5 110 900	-kr 4 185 810	-kr 3 400 000	-kr	1 710 900
Avsetning til vedlikeholdsfond	-kr 1 000 000		-kr 1 000 000	kr	-

4. Vedtak i sak 041/20 vert stadfesta. Budsjettauke på Ansvar 162 finansiert ved redusering av avsetning til disposisjonsfond.

## 05.11.2020 Kommunestyret

Pkt. 5 Administrasjonsutvalet skal ha møte minst ein gong i månaden.

### Røysting:

Tilrådinga frå Formannskapet: 12 røyster (AP, SV, H )

Framlegg frå Viktor Yttri (SP): 5 røyster (SP)

Tilrådinga frå Formannskapet vart vedteke med 12 mot 5 røyster

### KS-080/20 Vedtak:

1. Tertialrapporten for Lærdal kommune vert teke til vitande.
2. Tertialrapporten for Nærings- og konsesjonsavgiftsfondet vert teke til vitande.
3. Følgjande budsjettendringar vert vedteke:

Ansvar	Prognose				Nytt budsjett
	Budsjett 2020	pr.31.08.20	Budsjettendring		
129-Lærdaløyriskule	kr 22 630 800	kr 23 373 825	kr 500 000	kr 23 130 800	
131 - Helse	kr 6 463 500	kr 8 926 261	kr 2 000 000	kr 8 463 500	
133 - Pleie og omsorg	kr 35 058 800	kr 40 085 917	kr 3 500 000	kr 38 558 800	
Avsetning til lønsreguleringsfond	kr 3 300 000	kr 500 000	-kr 2 800 000	kr 500 000	
Skatt på inntekt og formue	kr 74 863 000	kr 72 981 000	kr 1 800 000	kr 73 063 000	
Konsesjonskraft netto	kr 18 000 000	kr 16 901 549	kr 1 000 000	kr 17 000 000	
Renteutgifter	-kr 6 700 000	-kr 5 089 448	-kr 1 600 000	-kr 5 100 000	
Avsetning til disposisjonsfond	-kr 5 110 900	-kr 4 185 810	-kr 3 400 000	-kr 1 710 900	
Avsetning til vedlikehaldsfond	-kr 1 000 000		-kr 1 000 000	kr -	

4. Vedtak i sak 041/20 vert stadfesta. Budsjettauke på Ansvar 162 finansiert ved redusering av avsetning til disposisjonsfond.

### Vedlegg:

Tertialrapport, 2. tertial 2020

### Dokument

Tertialrapport



# LÆRDAL KOMMUNE

## Tertialrapport 2 – 2020



Løytnantsbrygga i Lærdal. Foto: Jan Christian Jerving

## Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Hovudtal økonomi .....	4
	Kommentarar knytt til dei ulike ansvar .....	6
2.1	Ansvar 100 – Folkevalde organ: .....	6
2.2	Ansvar 110 Rådmann .....	6
2.3	Ansvar 111 – Kyrkja og andre trussamfunn .....	7
2.4	Ansvar 112 – LNU .....	7
2.5	Ansvar 113 – Stab/Støtte .....	9
2.6	Ansvar 114 – Plan og Forvaltning.....	10
2.7	Ansvar 115 – Eigedomsforvaltning.....	10
2.8	Ansvar 116 – Landbruk.....	10
2.9	Ansvar 120 – Borgund oppvekstsenter .....	10
2.10	Ansvar 123 – Lærdalsøyri barnehage.....	10
2.11	Ansvar 129 – Lærdalsøyri skule.....	11
2.12	Ansvar 130 – Bu- og miljøtenesta .....	11
2.13	Ansvar 131 – Helse .....	12
2.14	Ansvar 132 – NAV Kommune/Sosiale tenester.....	13
2.15	Ansvar 135 – Flyktingetenesta .....	13
2.16	Ansvar 133 – Pleie og omsorg .....	15
2.17	Ansvar 134 – Barnevern .....	16
2.18	Ansvar 136 – LMS.....	17
2.19	Ansvar 137 – Matforsyning .....	18
2.20	Ansvar 151 –Kultur og formidling .....	18
2.21	Ansvar 162 –Teknisk drift.....	19
2.22	Ansvar 163 - Sjølvkost VA.....	19
3	Investeringar .....	20
4	Sjukafråvere .....	21

## 1 Innleiing

Lærdal kommune har vedteke at administrasjonen skal utarbeide tertialrapportar.

Føremålet med rapportane er å gje ein statusrapport over økonomien samt ei prognose for resten av året.

2. tertialrapporten er eit godt utgangspunkt for arbeidet med budsjett 2021.

2. tertial syner at Lærdal kommune totalt sett ligg an til eit meirforbruk på kr 3,9 mill i forhold til budsjettet på einingane. Det er innafor helse- og omsorg me har dei største utfordringane. Koronasituasjonen kan forklare noko, men ikkje alt. Frå rådmannen si side vert det jobba med fokus på kontinuitet i leiarskapet, omstilling og oppgåveløysing. I omsorgstenesta må me halda fram med å prøve ut nye arbeidstidsordningar, ha fokus på heiltid/deltidsproblematikk og koordinere styring med ressursar knytt til vikarbruk og overtid.

Kommunen har foreløpig fått auka løyvingar tilsvarande kr 1,93 mill for å dekke kostnader knytt til koronasituasjonen. Alle kostnader som er knytt til denne situasjonen vert ført mot eit prosjektnummer, og ved utgangen av 2. tertial er det ført ein 3,15 mill mot på dette prosjektet.

Administrasjonen har gjennomført lokale lønnsforhandlingar, og har lagt seg på eit moderat nivå i samsvar med det sentrale lønnsoppgjeret. Her har me ein gevinst på rundt 2,5 millionar då det i utgangspunktet var satt av 3.3 mill.

Rådmannen har starta eit arbeid med å utarbeide eit heilskapleg styrings- og rapporteringssystem som skal sikre ein betre kostnadskontroll, og som skal gjere det enklare for einingsleiarane å følge opp eiga drift. I dette ligg at økonomiske plandokument, og rapporteringsmalar vert nye frå 2021.



## 2 Hovudtal økonomi

### Prognose 2.tertial 2020

Ansvar	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Avvik		Avvik	
			Framskriven Prognose pr.30.04.20	Årsbudsjett Framskrivning	Framskriven Prognose pr.31.08.20	Årsbudsjett Framskrivning
100 - Folkevalde	3 589 235	3 486 000	3 520 029	-34 029	3 309 388	176 612
110 - Rådmann	2 417 636	2 577 900	2 395 974	181 926	2 495 190	82 710
111 - Kyrkja og andre trussamfunn	2 904 107	2 764 700	2 764 700	0	2 764 700	-
112 - LNU	-1 003		0	0	0	-
113 - Stab/støtte	12 565 636	12 959 600	12 886 037	73 563	12 527 602	431 998
114 - Plan og forvaltning	1 026 379	1 639 000	1 612 177	26 823	1 238 175	400 825
115 - Eigeidomsforvaltning	-882 827	-1 632 400	-1 619 280	-13 120	-1 285 647	-346 753
116 - Landbruk	1 651 270	1 846 900	1 816 169	30 731	1 752 325	94 575
120 - Borgund oppvekssenter	6 167 087	6 530 000	6 575 385	-45 385	6 795 082	-265 082
123 - Lærdalsøyri barnehage	10 521 126	11 808 500	11 961 077	-152 577	11 811 559	-3 059
129 - Lærdaløyris skule	22 363 949	22 630 800	22 705 214	-74 414	23 373 825	-743 025
130 - Bu og miljøteneste	14 327 548	16 753 000	16 762 182	-9 182	16 387 086	365 914
131 - Helse	6 599 152	6 463 500	8 154 502	-1 691 002	8 926 261	-2 462 761
132 - NAV kommune	3 610 197	3 687 300	3 536 021	151 279	3 374 237	313 063
133 - Pleie og omsorg	37 007 305	35 058 800	37 468 230	-2 409 430	40 085 917	-5 027 117
134 - Barnevern	4 689 430	5 029 400	4 963 406	65 994	5 229 400	-200 000
135 - Flyktingtenesta			0	0	0	-
136 - Sogn LMS	3 771 211	4 044 800	4 006 636	38 164	4 074 800	-30 000
137 - Matforsyning	2 372 932	3 499 000	3 299 578	199 422	3 011 492	487 508
151 - Kultur og formidling	4 342 360	5 939 400	5 940 323	-923	5 664 770	274 630
162-164 - Teknisk drift	15 839 373	17 546 900	17 512 971	33 929	17 757 574	-210 674
163 - Sjølvkost vatn og avløp		-875 000	-875 000	0	-875 000	-
Avsetning til lønsreguleringsfond		3 300 000	1 800 000	1 500 000	500 000	2 800 000
Pensjon ufordelt	-403 758					
<b>Sum netto utgifter drift</b>	<b>154 478 345</b>	<b>165 058 100</b>	<b>167 186 331</b>	<b>-2 128 231</b>	<b>168 918 736</b>	<b>-3 860 636</b>

### Inntekter/Utgifter utanom ansvarsområda over:

Skatt på inntekt og formue	74 863 000	73 177 000	-1 686 000	72 981 000	-1 882 000
Rammetilskot	74 501 000	76 993 000	2 492 000	77 529 000	3 028 000
Eigeidomsskatt	15 500 000	15 500 000	0	15 777 445	277 445
Rentekompensasjon eldreomsorg/tilskot	669 000	669 000	0	669 000	-
Rentekompensasjon skule/tilskot	107 000	107 000	0	107 000	-
Konsesjonsavgift	7 402 000	7 402 000	0	7 402 000	-
Konsesjonskraft netto	18 000 000	16 976 589	-1 023 411	16 901 549	-1 098 451
Renteinntekter	550 000	550 000	0	550 000	-
Utbytte SFE	1 000 000	1 000 000	0	1 000 000	-
Utbytte Okken Kraft A/S	7 000 000	7 000 000	0	7 000 000	-
Mottekne avdrag på lån	100 000	100 000	0	100 000	-
Renteutgifter	-6 700 000	-6 700 000	0	-5 089 448	1 610 552
Avdrag på lån	-13 100 000	-13 100 000	0	-13 100 000	-
Avsetning til disposisjonsfond	-5 110 900	-5 110 900	0	-4 185 810	925 090
Avsetning til næringsfond (konsesjonsavgift)	-7 402 000	-7 402 000	0	-7 402 000	-
Avsetning til næringsfond (mottekne avdrag)	-100 000	-100 000	0	-100 000	-
Avsetning til næringsfond (mottekne renter)	-350 000	-350 000	0	-350 000	-
Avsetning til auka pensjonskostnader	-500 000	-500 000	0	-500 000	-
Midlar til ressurskrevande brukarar			0		-
Avsetning til vedlikehaldsfond	-1 000 000	-1 000 000	0		1 000 000
Bruk av disposisjonsfond					-
Overføring investeringsbudsjett					-
<b>Sum inntekter/utgifter</b>	<b>165 429 100</b>	<b>165 211 689</b>	<b>-217 411</b>	<b>169 289 736</b>	<b>3 860 636</b>

### Netto resultat

**Skatt:**

Lærdal kommune vedtok i budsjett for 2020 ein skatteinngang på kr 74 863 000,- Dette var i tråd med KS sin 3- årige prognose. KS sin nye prognose pr 26. juni 2020 er endra til kr 72 981 000. Dette er 1,882 mill under budsjett.

**Rammetilskot**

KS sin prognose for rammetilskotet til Lærdal kommune var vedteke med kr 74 501 000 i budsjett 2020. KS sin nye prognose pr 26.juni 2020 er endra til kr 77 529 000 som er 3,028 mill over budsjett.

**Eigedomsskatt.**

Det er pr. 2. tertial utfakturert eigedomsskatt på kr 15 777 445. Grunnlaget for eigedomsskatten vert berekna av Skatteetaten etter innsende opplysningar frå selskapa. Samla budsjett for 2020 er kr 15,7 mill. det er kr 277 000 over endra budsjett 2020.

**Konsesjonskraft**

Då me i januar 2020 fekk melding om at OED hadde fastsett konsesjonskraftprisen for 2020 låg Lærdal kommune ann til ei netto inntekt på Kr 18 215 712. Budsjettet for 2020 var på kr 16,5 mill. Då reelle tal for februar kom i slutten av mars låg det an til ein prognose på 17,8 mill, grunn til dette er områdeprisen som no ligg vesentleg under systemprisen. Hovedårsaka til dette er at det er redusert kapasitet frå sør Norge mot Sverige på grunn av kabelbrot, samt at magasinffylling og snømengde er veldig høg i vårt område, slik at dette er noko ein må rekne med dei neste månadane også. Det bergar seg litt på nettleiga som fortsatt er svært låg, delvis på grunn av mild vinter og lite forbruk.

Prognosen for konsesjonskraft etter 6 månader (tala som kom 17. august) med reelle tal syner inntekter sviktar med ca 1,3 mill .

**Statstilskot Flyktningar**

Det er komme inn kr 4 200 600,- i statstilskot flyktningar. Dette beløpet vert sett på bundne fond og kostnader til flyktingtenesta vert trekt av fondet.

**Utbytte**

Utbytte er budsjettert med til saman kr 8 mill, prognosen er lik budsjett.

**Rentekompensasjon**

Rentekompensasjon for skule og barnehage er budsjettert med kr 776 000.

**Renteinntekter**

Renteinntekter er budsjettert med kr 550 000,- prognosen er sett lik budsjett. Prognosen er usikker då renta på innskot pr i dag er låg

**Renteutgifter**

Renteutgifter på lån til eigne investeringar er sett til kr 6 700 000, prognosen er sett til 5 089 448,-. Rentemarknaden er usikker, men slik det er no er renta på lån låg. Lærdal kommune har 1. lån kr 68 609 440 med bunde fastrente fram til 2023.

**Avdragsutgifter**

Avdragsutgifter er sett til kr 13 100 000, prognosen er lik budsjett.

## Covid-19

Alle utgifter knytt til covid-19 er ført mot eit prosjektnummert. Pr 31.08.20 er fordelinga på einingane slik:

113 Stab og støtte	314 506
120 Borgund oppvekstsenter	27 045
123 Lærdalsøyri barnehage	336 895
129 Lærdalsøyri skule	56 099
130 Bu- og miljøteneste	20 425
131 Helse	339 216
132 NAV kommune	30 561
133 Pleie og omsorg	1 905 313
135 Flyktningetenesta	8 000
136 LMS	97 042
151 Kultur	817
162 Teknisk drift	14 506
163 Sjølvkost vatn og avløp	1 410
<b>Sum prosjekt: 20099 Korona-utgifter</b>	<b>3 151 834</b>

## Kommentarar knytt til dei ulike ansvar

### 2.1 Ansvar 100 – Folkevalde organ:

Under dette ansvaret ligg sentrale folkevalde organ, kommune/stortingsval, stønad politiske parti, kontrollutval og revisjon og råd for eldre og funksjonshemma

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>100 Politisk styring og kontroll</b>	1 882 030	3 309 388	3 486 003	176 612

Prognosen for Folkevalde organ viser etter 2 .tertial eit mindreforbruk. Pga av korna er det mindre reisevirksomheit som fører til mindre reiseutgifter enn budsjettet. Det er budsjettet med meir på tenestefrikjøp løn enn det som er rekneskaspført i 2020.

### 2.2 Ansvar 110 Rådmann

Ansvar 110 inneheld rådmann og hovudtilitsvald

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>110 Rådmann</b>	1 599 882	2 495 190	22 577 900	82 710

Prognosen for Rådmann eit mindreforbruk når ein framskriv prognosen etter 2 tertial.

## 2.3 Ansvar 111 – Kyrkja og andre trussamfunn

Overføring til kyrkja er på budsjett. Overføring til andre trussamfunn er ikkje komme enno, men ein teke sikte på at budsjettert beløp held.

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>111 Kyrkja og andre trussamfunn</b>	2 654 700	2 764 700	2 764 700	0

## 2.4 Ansvar 112 – LNU

Ansvar 112 som omfattar tilskot som vert gjeve av Lærdal næringsutvikling A/S og vert dekkja over nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.

Lærdal kommunestyre har vedteke ein rammeplan for nærings- og konsesjonsavgiftsfondet i Lærdal kommune for 2020, i tråd med tilråding frå styret i Lærdal Næringsutvikling AS.

Status for bruk av fondet ved utgangen av 2. tertial:

Pos	Formål	Budsjett	Løyvd	Rest til løyving
P1	Marknadsbidrag Visit Sognefjord	633 000	632 998	2
P2	Disponert av kommunestyre/formannskap	500 000	50 820	449 180
P3a	Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS – tilskot	2 319 000	1 410 937	908 063
P3b	Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS – drift	1 350 000	1 350 000	-
P4	Landbruk	850 000	656 000	194 000
P5	Klimatilpassing og klimareduserande tiltak i næringslivet	300 000	200 000	100 000
P6	Arrangement	200 000	-	200 000
P7	Tilrettelegging for nærings- og/eller stadsutvikling i regi av kommunen	1 000 000	1 000 000	-
P8	Renter på lån på næringsinvesteringar i tråd med fondet sitt føremål	250 000	250 000	-
	<b>Totalt</b>	<b>7 402 000</b>	<b>5 550 755</b>	<b>1 851 245</b>

**\*Rammeplanen vart revidert og vedteken i formannskapet 27. august og i kommunestyret 3. september. Det er denne som er lagt til grunn i overstående oversikt, sjølv om ikkje endeleg vedtak vart gjort før 3. september (altså i 3.tertial). Grunnen til at det ligg ein større sum under «rest til løyving» her enn ved utgangen av 1.tertial er reduksjon i kostnadspostane P3b, P6 og at P9 (eigendel breiband Frønningen) vart kutta – og at det som då vart frigjort vart lagt inn i P3a og P4 (tilskotspostar som då har fått større budskjett).**

### Kommentarar

#### **P1 Marknadsbidrag til Visit Sognefjord**

Årleg marknadsbidrag frå Lærdal kommune til Visit Sognefjord.

#### **P2 Disponert av kommunestyre/formannskap**

Midlar disponert av Lærdal kommune v/kommunestyret eller formannskapet til diverse tilskot/løyvingar som ikkje ligg innanfor LNU sitt virkeområde.

Løyvd til

Lærdal Båteigarlag

Løyving

kr 10 820

Oskar Brugrand A/S	kr 15 000
Veterancup 2020	kr 25 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 50 820</b>

### **P3a Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS - tilskot**

Sum til fordeling i tilskotssaker som ikkje kjem inn under andre postar i rammeplanen.

<b>Løyvd til</b>	<b>Formål</b>	<b>Løyving</b>
Ivar Raa – Investering i maskinpark		560 000
Lærdal Grønt – Studietur		45 000
Folkeuniversitetet Vestland – Norsk kurs		45 937
Lærdal elveeigarlag – Forprosjekt Utbetring av Lærdalsekvi		50 000
Visit Sognefjord – Forprosjekt Bike & Hike		45 000
Nærøyfjorden verdsarvpark – Forprosjekt Verdsarvsenter		50 000
Haugsfukt – Bedriftsutvikling og investering		298 000
Frk. Engsbåten – Investering		50 000
Kongevegbedrifter Filefjell SA – Utviklingsprosjekt		65 000
Smak av Sogn – Investering		80 000
Hille Stadheim DA		24 500
Olav Wendelbo jr.		37 500
Jens Hauge		60 000
<b>Totalt</b>		<b>1 410 937</b>

### **P3b Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS - drift**

Midlar til drift av næringssekskapet.

### **P4 Landbruk**

Sum til fordeling i landbruksrelaterte saker, avgrensa til det som skal gje tilskot i samsvar med tiltaksplanen for landbruk.

<b>Løyvd til</b>	<b>Formål</b>	<b>Løyving</b>
Øystein Bøe	Eigarskifte på gardsbruk	50 000
Kasper Nedrehegg	Eigarskifte på gardsbruk	50 000
Freyja Vin AS	Dyrking av vindruer	166 000
Guro Nesse	Eigarskifte på gardsbruk	50 000
Ole Ramshus Sælthun	Eigarskifte på gardsbruk	50 000
Marta Karoline Jansen	Eigarskifte på gardsbruk	50 000
Njål Kaardal Golf	Eigarskifte på gardsbruk	50 000
Synnøve Askeland	Eigarskifte på gardsbruk	50 000
Roger Nedberge Hille	Nydyrking	100 000

Ivar Raa	Nydyrking	40 000
<b>Totalt</b>		<b>656 000</b>

#### **P5 Klimatilpassing og klimareduserande tiltak i næringslivet**

Midlar øyremerka klimatilpassing og klimareduserande tiltak i næringslivet.

<b>Løyvd til</b>	<b>Formål</b>	<b>Løyving</b>
Lærdal kommune	Klimakoordinator	200 000
<b>Totalt</b>		<b>200 000</b>

#### **P6 Arrangementsutvikling**

Det er ikkje kome søknader om tilskotsmidlar frå potten per 31.08.2020.

#### **P7 Tilrettelegging for nærings- og/eller stadsutvikling i regi av kommunen**

Ramme øyremerka tilretteleggjande arbeid for nærings- og/eller stadsutvikling i regi av Lærdal kommune for å støtta opp under prioriterte satsingar i arbeidet med næringsutvikling, t.d. Håbakken Næringspark og tettstadutviklingsarbeidet.

#### **P8 Finanskostnader på næringsinvesteringar i tråd med fondet sitt føremål**

Ramme øyremerka finanskostnader på næringsinvesteringar i tråd med fondet sitt føremål

#### **P9 Utbygging av breiband på Frønningen – kommunal eigendel**

Ramme øyremerka Utbygging av breiband på Frønningen – kommunal eigendel

### **2.5 Ansvar 113 – Stab/Støtte**

	<b>Rekneskap hitill i år</b>	<b>Prognose årsslutt</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Avvik i Kroner</b>
<b>113 Stab og støtte</b>	8 480 240	12 527 602	12 959 600	431 998

Ansvar 113 ser ut til å få eit mindreforbruk ved utgangen av 2020. Dette skuldast at stillingen som contoller har vore vakant mesteparten av 2020 og pedagogisk leiar har vore vakant i ein månad. Pedagogisk rådgjevar er og lågare løna enn grunnlaget for budsjett 2020. Det er bruk kr 258 000 på It utstyr knytt til Korona.

## 2.6 Ansvar 114 – Plan og Forvaltning

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>114 Plan og forvaltning</b>	658 778	1 238 175	1 639 000	400 825

Plan og forvaltning ligg an til å få eit mindreforbruk. Klimakoordinator byrja ikkje i jobb før 1. juni, Byggesakshandsamar er utleigd på prosjekt. Mindre bruk av eksterne konsulentar.

## 2.7 Ansvar 115 – Egedomsforvaltning

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>115 Egedomsforvaltning</b>	-698 427	-1 285 647	-1 632 400	<b>-346 753</b>

I dag er situasjonen slik at vi har fleire aldersbustadar/ omsorgsbustadar som ledige. Det vil sei at vi får svikt i inntektene for utleige.

## 2.8 Ansvar 116 – Landbruk

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>116 Landbruk</b>	401 608	1 752 325	1 846 900	94 575

Drifta på Felles Landbrukskontor ÅLA held seg innanfor budsjett pr 2. tertial. Prognosar for resten av 2020, tydar også på at drifta vert innanfor budsjett.

Dette gjeld og for funksjon Skratesjuka og for Verdsarv og UKL.

For funksjon Driftstilskot til veterinærar er det lagt opp til at Lærdal kommune skal dekke kr 150.000 av tilskot til veterinær på dagtid i 2020

## 2.9 Ansvar 120 – Borgund oppvekstsenter

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>120 Borgund oppvekstsenter</b>	4 167 418	6 795 082	6 530 000	<b>-265 082</b>

## 2.10 Ansvar 123 – Lærdalsøyri barnehage

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>123 Lærdalsøyri barnehage</b>	7 475 223	11 811 599	11 808 500	-3 059

Prognosen ved rapportering 2. tertial syner at Lærdalsøyri barnehage, samla sett kan få eit mindreforbruk på kr. 68.941,-.

Ved 1.tertial var det berekna eit overforbruk på kr 152 577,-. Årsaka til at me no har berekna eit underforbruk er at det var anteke ei refusjon på kr 100 000,- knytt til enkeltbarn, medan me no veit at summen er kr 370-380 000,-.

Det vart og spart inn lønsutgifter i om lag to månadar når barnehagen var utan einingsleiar.

Vikarbruk er budsjettert med kr 220 000,- i 2020, medan prognosen syner eit overforbruk på kr 119 246,-. Overforbruket er knytt til situasjonen med Covid-19, som har vore gjeldande sidan 12. mars. I barnehagen har to stillingar (190%) vore ute av drifta på grunn av at dei tilsette er i risikogrupper. Dette vart gjeldande for perioden 12.mars til nytt barnehageår 15.august. Desse stillingane måtte vikarierast fullt ut, og barnehagen får ikkje refusjon for dette. I tillegg har det vore nokre auka utgifter til personalet knytt opp til smittevern og organisering av barna.

Sjukefråværet har gått noko opp som eit resultat av strenge retningslinjer i høve milde symptom på korona. Barnehagen har i store deler av året ikkje kunna samarbeida for å spare inn midlar der det elles ville vore mogleg.

Lærdalsøyri barnehage hadde budsjettert med kr 2 400 000,- i foreldrebetalingssinntekter. På grunn av nedstenging av barnehagen i over ein månad i mars/april, mista barnehagen vesentlege inntekter. Prognosen syner at ein vil få inn om lag kr 1 950 000,- i stadenfor. Dette er 450 000,- mindre enn budsjettert. I tillegg nyttar stadig fleire seg av regjeringa si ordning med gratis kjernetid i barnehage for born i låginntektsfamiljar.

## 2.11 Ansvar 129 – Lærdalsøyri skule

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>129 Lærdalsøyri skule</b>	14 090 718	23 373 825	22 630 800	-743 025

Prognosen for 2. tertial viser at ansvar 129 ligg an til eit overforbruk på kr. 743 025,- ved årsslutt. Dette skuldast auka bruk av pedagog for å kunne ivareta smittevern i klassane i forhold til corona. Det er og nytta noko ekstrahjelp i både skule og SFO av same grunn. Refusjon for tapte inntekter for SFO i vår er ikkje medteken i prognosen. Dette skuleåret er det 32 elevar i 8. klasse og ein må difor dele klassen i to. Det er budsjettert med tilskot til auka lærartettleik i skulen. Dette tilskotet kjem ikkje lengre direkte inn på skulen sitt budsjett, men som ein del av rammetilskotet til kommunen. Noko av overforbruket skuldast og nye hjelpebehov hjå barn.

## 2.12 Ansvar 130 – Bu- og miljøtenesta



	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>130 Bu- og miljøteneste</b>	13 209 012	16 387 086	16 753 000	365 914

Bu og miljøtjenesta ser ut til å klare å holde seg innenfor budsjettet ut året.

I januar/februar fekk me inn ein ny brukar. Det vart gjort budsjettforandring der det vart lagt inn ei bemanning på 1:1. Her har me klart å spare litt ved å bruke ressursane på tvers.

I slutten av september starta me opp eit nytt avlastningstiltak der bemanninga er 1:1 heile døgnet. Til tross for dette ser det ut som om me klarar og holde oss innanfor rammene me har.

Det er venta ein, kanskje to nye ressurskrevjande brukarar til neste år i tillegg kjem avlastningstiltaket til å auke framover.

### 2.13 Ansvar 131 – Helse

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>131 Helse</b>	7 179 047	8 926 261	6 463 500	-2 462 761

Det ligg an til eit stort overforbruk på Helse. Dette skuldast i all hovudsak at me har vore og er avhengige av å leige inn legar frå vikarbyrå. Fleire forsøk på rekruttering av eigne legar har mislukkast. Ein vikarlege kostar om lag det dobbelt av ein eigen lege. I 2020 har me hatt ein sjukmeld lege som no er avvikla, ein lege gjekk ut i eit års permisjon frå april som ein del av spesialiseringløpet og ein fast lege. Me har i periodar vore avhengige av tre vikarlegar for å dekke opp listene. Frå september har me fått inn turnuslege.

Grunna koronasituasjonen har det vore nokre ekstra kostnader knytt til smittevernutstyr. Det var også i vår henta inn ein ekstra lege for å kunne bemanne smittekohort på Grandane Hotel. Samla kostnader knytt til covid-19 på ansvar 131 er kr 340.000 pr 2. tertial. I tillegg har helsesenteret inntektsbortfall på både lege og fysioterapi tilsvarande kr 177.000.

For å redusere kostnadane ut året må ein vurdere å ha ei lågare legebemanning i periodar og dermed akseptere ei lenger ventetid for innbyggjarane i Lærdal kommune. Kommunen må også sjå på korleis me kan bli meir attraktive slik at me får rekruttert faste legar.

## 2.14 Ansvar 132 – NAV Kommune/Sosiale tenester

## 2.15 Ansvar 135 – Flyktingetenesta

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>132 NAV kommune</b>	1 743 211	3 374 237	3 687 300	313 063

Ansvar:	135 Flyktingetenesta	Rekneskap pr 31. august	Buds(end) 2020	Prognose 2020
24220	FLYKTINGEKONSULENT	1 343 969	0	1 820 944
27500	INTRODUKSJONSSTØNAD	1 971 531	0	3 759 574
	<b>Sum ansvar 135 Flyktingetenesta</b>	<b>3 315 500</b>	<b>-</b>	<b>5 580 518</b>

Prognosen for ansvar 135 Flyktingeteneste er på kr 5 580 518,- . Det er pr i dag komme inn kr 4 200 000 i integreringstilskot. Overskytande som ikkje vert bruk til å dekke utgiftene på ansvar 135 vert sett på fond til seinar bruk.

### Kjerneoppgåver NAV:

- Sakshandsaming av sosialhjelp – Lov om sosiale tenester i Nav § 1, §18 og § 19
- Råd og rettleiing – Lov om sosiale tenester i Nav § 17
- Kvalifiseringsprogram – Lov om sosiale tenester i Nav §29 - §40
- Midlertidig butilbod – Lom om sosiale tenester i Nav §27
- Individuell plan – Lov om sosiale tenester i Nav §28
- Gjeldsrådgeving – Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar og dekningslova
- Sakshandsaming av Husbanken sine støtteordningar som bustøtte, startlån og tilskot
- Samarbeid med andre tenester
- Oppfølging av arbeidsledige

### Kjerneoppgåve Flyktingetenesta:

- Oppfølging av deltakarar i introduksjonsprogram
- Etablering og burettleiing
- Avtale med IMDI/UDI om busetting og oppfølging
- Følgje opp andre einingar som har tenester for flyktingar
- Koordinering av tenester til flyktingar
- Kvalifiserande tiltak m.m og individuell plan
- Ansvar for å leie og gjennomføre kommunal tverretatleg flyktinggruppe
- Samarbeidsavtalar med vaksenopplæringa og helsestasjonen
- Sette flyktingar i kontakt med friviljuge organisasjonar og legge til rette for fritidsaktivitetar

### Viktige hendingar:

- Reduksjon i busetting av flyktingar pga Covid 19
- Auke i arbeidsledigheit som følgje av Covid 19. I mars 2020 var det 7,5% i arbeidsfør alder som var heilt arbeidsledige. Fleire var delvis arbeidsledige. Dette talet vart redusert til 1,9% ved utgangen av 2. tertial. Det er forventa ei lita auke på i vintermånadane

- Prosjektet Springbrettet har gjeve NAV Lærdal ein ny medarbeidar som arbeider for å utvikle sosiale tenester i NAV. Vanskelegstilte brukarar og arbeidsgjevarar får tenester i Springbrettet, og prosjektleiar jobbar for å betre tenestedesignet i Nav-kontoret
- Oppstart av ekstraundervisning for flyktningar som ikkje kan i språkpraksis
- Lean er implementert i Nav-kontoret innan 31.12.2020 og er grunnleggande prinsipp/metode for all drift og alt forbetnings-/utviklingsarbeid

#### Mål/utviklingsområde:

- 70% av alle arbeidsføre flyktningar som går ut av introduksjonsprogrammet skal i løpet av 3 månadar vere i arbeid eller utdanning
- God tverrfagleg samarbeid innan kommunen
- Meir samarbeid mellom Lærdal og Aurland; bruke ressursane, kunnskapane og fasilitetane i kvar kommune for å få best mogleg teneste
- Halvårlege gjennomgangar av samarbeidsplanar og fagplanar. Gjennomføre meir tilsyn i kommunale bustadar for å førebyggje
- Utviklingsprosjektet i region NAV (der alle Rådmennene frå Sogn deltek). Samarbeid mellom kommune og stat for å utvikle NAV-tenestene i regionen fram til 2022

#### Kort resultatvurdering:

- NAV gjer gode og heilskaplege vurderingar i samband med sakshandsaming av sosialhjelp. Sosialhjelp skal vere den siste økonomiske sikkerhetsnettet og difor gjer NAV ei grundig drøfting om til dømes statlege stønader eller tiltak. I framskriven prognose for sosialhjelp ligg NAV innanfor budsjettet i 2020
- Meir dialog med arbeidsgjevarar i Lærdal kommune styrkar kvalitet i arbeidet med å få brukarar i arbeid
- Flyktningtenesta har høg måloppnåing på kommuneoversikta på imdi.no. Det siste som er registrert der er at 75% som avslutta introduksjonsprogrammet i 2017 var i arbeid eller utdanning året etter. Det 12% over landsgjennomsnittet. Dette er resultat som gjer at ein kommune med under 5000 innbyggjarar får tilbod om busetting
- Låg arbeidsledigheit til tross for Covid 19 = 1,9% heilt ledige per utgangen av 2. tertial

#### Økonomi/ressurs:

Budsjett pr. 31.8	Framskriven prognose
1.743.211	3.405.000

NAV Lærdal klarar å halde seg innanfor budsjetttramma på kr. 3.687.300.

Det vil komme ei stor utgift på oppussing pga unormal slitasje på ei av NAV-bustadane i slutten av 2020. Estimert kostnad på om lag kr. 115.000.

#### Sjukefråvær:

	Per 31.08.2020	Per 31.08.19	Endring
NAV kommunale tenester	4 (1 i prosjekt)	3 (1 i prosjekt)	
NAV Flyktningtenesta	2	3	

<b>Kommunalt tilsette ved NAV Lærdal</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>-</b>
Sjukefråvær	10,44 %	0,41%	10,03% auke frå 2019 til 2020

Ei langtidssjukemelding har ført til høgt utslag på statistikken for 2020.

## 2.16 Ansvar 133 - Pleie og omsorg

	<b>Rekneskap hitill i år</b>	<b>Prognose årsslutt</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Avvik i Kroner</b>
<b>133 Pleie og omsorg</b>	27 485 738	40 085 917	35 058 800	<b>-5 027 117</b>

2 tertial rapport for pleie og omsorg syner eit samla overforbruk på 5 027 117,-. Dette fordeler seg slik på dei ulike områda:

### 23400 Aktivisering eldre og funksjonshemma: 9566,-

Overforbruket her er knytt til auka utgifter i samband med skyss av brukarar.

### 23405 Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens: 137 581,-

Her var det budsjettert med eit tilskot på 175 000,- som ikkje lenger eksisterer i 2020, og som ikkje skulle vore budsjettert med.

### 25301 Lærdal bu og omsorgsheim: 3 637 864,-

Dette området har det største overforbruket. Det er også dette området som sysselset flest innan pleie og omsorg, då overforbruket i hovudsak er knytt til lønsmidlar.

Året starta med eit stort sjukefråvær. For å sikre rett kompetanse på jobb, blei ein nøydd til å leige inn personar i fulle stillingar som igjen genererte overtid. Ein såg også at serleg sjukepleie kompetansen var vanskeleg å få dekkja opp på anna vis. Det vart derfor leigd inn to vikarar frå vikarbyrå. Då Covid-19 pandemien var eit faktum bemanna ein ytterligare opp for å kunne klare å rigge ein kohortavdeling, samt hindre at personalet vart slitne før smitten var eit faktum. Det blei derfor gjord avtale med ytterligare tre vikarar frå vikarbyrå.

I tillegg er det ein del ekstra utgifter knytt til innkjøp av utstyr i samband med kohort avdelinga. Totalt sett har pleie og omsorg ført utgifter knytt til covid-19 for ca. 2mill. ( covid-19 relatert fråvær, vikarar, utstyr)

Vikarutgifter knytt til vikarbyrå utanom covid-19 rekruttering dreier seg om ca. 1,5 mil i pleie og omsorg.

Det er også ein brist i budsjetteringa i forhold til brukarbetaling på 1,5 mil. Dette skuldast at ein tok utgangspunkt i dåverande bidrag frå velsituerte bebuarar, samt at ein i store delar av 2020 har hatt underbelegg i institusjon.

#### 25400 Heimesjukepleie: 1 200 544,-

Her gjeld det same som for institusjon, stort sjukefråver i starten av året. Mykje bruk av overtid og vikarbyrå.

I tillegg er det knytt ca. 150 000,- til ekstra kostnader ved innlevering av leasingbil, i form av overstigen kjørelengde og reperasjonar.

#### 25401 Heimehjelp: 41562,-

Dette skuldast hovudsakleg ekstra kostnad ved innlevering av leasingbil. Overskriden kjørelengde og småreperasjonar.

## 2.17 Ansvar 134 – Barnevern

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>134 Barnevern</b>	2 630 559	5 229 400	5 029 400	-200 000

### Kjerneoppgåver:

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Barnevernet skal medverke og samarbeide med andre offentlege organ for å sikre at barns interesser vert ivareteke. Dette innebærer tett kontakt og samarbeid med andre instansar som er i kontakt med barn, unge og deira familiar.

Barnevernet deltek i prosjekt «På tvers».

### Viktige hendingar:

- På grunn av korona krisa har barnevernet hatt mindre høve til å fysisk treffe barn og familiar. Alle tilsette har jobba på heimekontor i ein lengre periode. Dette har gjeve ein bratt læringskurve i høve både alternative møter og korleis me fyljer opp familiar. Det har ikkje vore nokon akutte hendingar i perioden, og tenesta har internt laga gode rutinar for oppfylging og prioritering av saker.

### Mål/utviklingsområde:

- Kvalitetsutviklingsarbeidet er satt litt på vent grunna omstende kring korona, men vil bli tatt fram att no og vere i sving att til hausten.
- Ingen fristbrot
- Utarbeide kompetanseplan for tenesta i løpet av året.

### Kort resultatvurdering:

Tenesta har opplevd mykje utskifting dei siste åra, og har hatt vakanse over tid i ei stilling. Dette har tært på leiarressursen inn mot personal og utviklingsarbeid. Når det no har stabilisert seg vil fokus ligg på utviklingsarbeid både fagleg og opp mot personal.

Tenesta har god grunnkompetanse, med variert både fagbakgrunn og erfaring.

Tenesta ligg nesten på budsjett, men det må takast omsyn til at ikkje alle tiltak er fullt ut satt i gang som fylje av korona krisa. Foreløpig er det ikkje grunn til å tru at tenesta skal gå over ramma, men dette er for tidleg å konkludere på etter fyrste tertial.

## 2.18 Ansvar 136 – LMS

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>136 LMS</b>	2 682 640	4 194 865	4 044 800	-30 000

Progosen på Sogn LMS er for Lærdal kommune sin del vert sett til 30 000 i meirforbruk.

Prognose for ansvar 136 i 2. tertial syner eit meirforbruk på 323.865 kr i høve til korrigert budsjett. I høve til lagt budsjett syner prognosen eit meirforbruk på 150.065 kr. Dette er prognose for heile Sogn LMS, Lærdal kommune sin del vert sett til 30 000 i meirforbruk.

Årsaker til meirforbruket:

- Auka utgifter i samband med ferieavvikling.
  - Ferieavviklinga var ein utfordring i høve til å skaffe nok vikarar med riktig kompetanse. Dette førte til at dei fleste tilsette måtte avvikle tre- i staden for fire veker ferie. Det vart inngått ein sommaravtale med dei tilsette som sikra at dei fekk kompensasjon for å jobbe ekstra i sommarturnusperioden, i staden for å benytte seg av vikarar frå byrå.
- Høgt sjukefråvær i eininga på både lege- og hjelpepersonellsida.
  - Større andel legemeldt langtidsfråvær samanlikna med eigenmeldt fråvær. Ein del eigenmeldingar som er koronarelatert. På grunn av fråværet har ein måtte nytte ein del overtid og forskyvingar i mangel på vikarar for å kunne drifte forsvarleg.
- Auke i kostnader for nødnett.
  - Leverandør av nødnett får fradrag frå staten for ein del av driftskostnadane til nødnett. Kostnader som ikkje vert dekka av staten vert fakturert ut kvartalsvis til kommunane som meirverdiavgift og kan variere mykje.
- Inntektssvikt grunna koronasituasjonen

- Førebuing dersom større utbrot av koronasmitte. Innkjøp av smittevern- og prøvetakingsutstyr, rigging av operatørplass og innkjøp av hovudtelefonar til kvar enkelt tilsett. Utgiftene er ført under korona-prosjektkode.
- Lønsforhandlingar frå før jul 2019 som trådte i kraft frå nyåret gav legane eit lønshopp
- Forhandlingar med Helse Førde om reduksjon i kjøp av tenester landa ikkje slik som planlagt.
  - Eininga hadde budsjettert med 700.000 kr mindre i kjøp av tenester.

Innsparingar:

- Budsjettert med to kommunepsykologar, kun ein stilling besett sidan april 2020.
- Ein fastlege tilsett i 8,75% stilling på KAD, var budsjettert med to.
- Budsjetterte utgifter til kurs – lite utgifter grunna kansellering av kurs som følge av korona.

## 2.19 Ansvar 137 – Matforsyning

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
137 Matforsyning	1 826 313	3 011 492	3 499 000	487 508

Kjøkkenet held budsjettet godt og vil fortsette med dette.

Overtid skyldast ein del forskyving av vakter i sommer pga sjukmelding og endringar med kordan drifta skulle holde seg best moglig utan problemer med bemanning.

Dette ligg no ann til at kjøkkent skal holde seg utan og må bruke overtid/forskyving av vakter. Det er satt opp ny turnus for kjøkkenet fra 18. Oktober som vil dekke over og holde bemanningen meir stabil og jamn gjennom vinteren til ny kjøkkensjef er på plass fra Februar 2021. Eg trer av i fødselspermisjon 16.10.20. Da blir og bemanningen på kjøkkenet lågare. Det vil inn ein person, men ikkje i 100 % da kjøkkenet skal kunne fungere godt ut frå den nye turnusen som er satt opp.

## 2.20 Ansvar 151 –Kultur og formidling

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
151 Kultur	1 826 313	3 011 492	3 499 000	487 508

Grunna Covid-19 var det ein periode reduserte inntekter på kinoen, det kom også tapte brukarbetalingar for kulturskule (kr 66.000) i den perioden dette tilbodet var nedstengt. Samstunes har ein også hatt reduserte kostnadar av dei same grunnane. I siste tertial vil tilbodet til kultur vere meir normalisert med aktivitet på kino, arrangement og ungdomsklubb.

Det var i budsjettet sett av 1 million til leige av delar av kulturhuset, denne summen vil verte mindre i år då eigedomsselskapet ikkje er fullt oppe og går. Denne innsparinga må sjåast i samanheng med kostnadar på ansvar 162.

Kultur siktar mot eit underforbruk.

### 2.21 Ansvar 162 -Teknisk drift

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
<b>162 Teknisk drift</b>	14 058 841	17 757 574	17 546 900	-210 674

### 2.22 Ansvar 163 - Sjølvkost VA

Tenesta vil gå i balanse. Eit eventuelt overskot/underskot vert justert mot bundne fond.



### 3 Investeringar

	Regnskap		Buds(end)		Status	
	2020		2020	Pr 2. tertial	Status	
20001 Lokal IKT platform	kr	244 327	kr	550 000		IKT-prosjekt er i rute
20002 IKT Oppvekst	kr	196 875	kr	100 000		IKT-prosjekt er i rute
20003 Elev PC/ Nettverk	kr	56 530	kr	650 000		Ekstra løyvingar etter 1. tertial. Prosjekt i rute.
20004 Ny Visma modul	kr	-	kr	100 000		IKT-prosjekt er i rute
20005 Nettverksutstyr	kr	-	kr	100 000		IKT-prosjekt er i rute
20006 Acos oppgradering versjon 7.1 og eigendom	kr	-	kr	100 000		ACOS Egedom er ikkje aktuelt i år.
20007 Flaumsikring Lærdalsøyri	kr	-	kr	500 000		Reguleringsplanarbeid for sikring av Lærdalsøyri. Prosjekt må nedskaleras, treng ny tiltaksplan.
20008 Varmepumpe/fjernvarme	-kr	72 220	kr	4 370 000		Prosjektet har stoppa opp. Vil hente inn ein uavhengig revisjon for å sjå korleis ein kan løyse utfordringane.
20010 Trafikktryggleik sнопlass buss saltkjelen	kr	484 882	kr	500 000		Ferdig
20011 Trafikkplan oppvekst Lærdaløyri	kr	1 682 015	kr	1 200 000		Ferdig, med noko overskriding. Sjå også i samanheng med 20021.
20012 Næringsområde Håbakken 1	kr	4 466 792	kr	17 600 000		Har kome langt på oppfylling av arealet til Lærdal Grønt, i rute i forhold til byggefristar.
20013 Arealeffektivisering Lærdal rådhus	kr	-	kr	350 000		Alle avsette midlar vert ikkje nytta.
20015 Saltkjelen bustadfelt - grunnnerv og opparbeiding	kr	-	kr	4 000 000		I rute.
20016 Bustadtomter Lærdalsøyri	kr	69 118	kr	2 200 000		Kan gjennomførast i 2020.
20017 Opprusting kulturell	kr	-	kr	800 000		Mykje planarbeid Hanseskogen, delar av arealdelen, Losjehustomta. Vil vere stor aktivitet på prosjektet i siste tertial.
20018 HMS brann	kr	5 639 445	kr	8 500 000		Avtale er inngått med leverandør.
20019 Borgund samfunnshus renovering	kr	-	kr	300 000		I rute.
20020 Bussparkering og andre infrastrukturtiltak for gjennomreisande	kr	-	kr	250 000		Vil bli gjennomført eit avklaringsmøte, utfordringar med anna finansiering.
20021 Trafikktryggleik - diverse tiltak	kr	-	kr	250 000		Prosjektering er i rute.
20022 Skred-/flaumsikring bustadhus kommunen sin del	kr	142 500	kr	1 500 000		Sjå i samanheng med 20011
20023 Prosjekt Lærdal sjøfront	kr	-	kr	1 000 000		Har blitt nytta til flaumforebyggjande tiltak i forbindelse med vårfraum og utfordringar med Kuvelda, Ofta og Saltkjelen. Vart i stor grad finansiert av eksterne midlar.
20024 Ny parkeringsplass/turstart ofta vest	kr	-	kr	60 000		Får kanskje starta i 2020, avhengig av dialog med Fylkesmannen.
20025 Utstyr institusjonskjøkkent	kr	-	kr	120 000		Investeringsprosjektet skal fjernast (under kr 100.000).
20027 Ny ungdomsklubb	kr	-	kr	1 500 000		Investeringa er gjort.
20028 Flytting Psykisk helse	kr	-	kr	600 000		Vil kome nokre kostnader i 2020.
20029 KORO prosjekt	kr	-	kr	200 000		Prosjektet er ikkje lenger aktuelt.
20031 Univesiell utforming lege og fysioterapi	kr	-	kr	200 000		Midlane vert brukt i år. Prosjektet vert avslutta rundt årsskifte. Uavklara rundt realisering av installasjonen. Gjennomføring avhengig av eksterne finansiering.
20033 Lys parkeringsplass Borgund	kr	-	kr	200 000		Prosjektet kan utsetjast.
20035 SD- Anlegg	kr	222 480	kr	250 000		I rute
20036 LED- Gatelys	kr	231 294	kr	300 000		I rute
20038 Lyssetting Lærdalsøyri	kr	-	kr	200 000		I rute
20039 Hovudplan avløpi	kr	3 220 965	kr	8 000 000		Vert gjennomført
20040 Lager/personalfunksjonar Bergo	kr	2 500 000	kr	1 300 000		Har kome langt på prosjektet, alle budsjetterte midlar vert ikkje nytta i 2020.
20041 Hovudplan vassforsyning	kr	6 414 616	kr	16 000 000		I rute, sjå i samanheng med HMS Brann.
20044 TAKOVERBYGG BORGUND	kr	7 231	kr	100 000		Har kome langt på prosjektet, alle budsjetterte midlar vert ikkje nytta i 2020.
20046 Grillhytte/Lavvo Borgund	kr	-	kr	150 000		I rute.
TOTALT	kr	25 540 164	kr	74 100 000		Midlar er utbetalt.

## 4 Sjukefråvere

Sjukefråværet i Lærdal kommune andre tertial var 7,56% som er ned 1,34% frå fyrste tertial. Utviklinga er positiv, andre tertial i 2019 var sjukefråværet på 9,48%. I pleie- og omsorg har sjukefråværet vore høgt over lang tid, andre tertial er sjukefråværet ved Las 3,93% og 12,99% i heimetenestene. Ei positiv utvikling også her. Lærdalsøyri barnehage og LMS har eit høgt sjukefråværet som me må ha eit ekstra blick på framover. I Lærdalsøyri barnehage skal me i løpet av oktober gjennomføra nye gruppesamtalar. I andre tertial bruker kommunen i snitt kr 404 735.- pr. mnd. på sjukefråværet, i fyrste kvartal brukte me i snitt kr 532 885.- pr. mnd. Dette syner kor viktig det er å jobbe med å redusere sjukefråværet i kommunen.

Organisasjons- og personaleiar følgjer opp sjukefråværet i tett samarbeid med Nav, og eg vil halda fram med å legge til rette for gruppesamtalar i organisasjonen.



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
174/20	Formannskapet	29.10.2020

Sakshandsamar: Lars Bogstad	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/946 - 6
-----------------------------	--------	-------------------------

### Budsjett 2021

#### Kort samandrag:

Status på budsjettarbeidet. Informasjon om prosessen framover.

#### Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram som grunnlag for drøfting.

### 29.10.2020 Formannskapet

#### FS-174/20 Vedtak:

Saka vert lagt fram som grunnlag for drøfting.

### Saksutgreiing

<b>Driftsbudsjett 2020</b>	<b>Endra budsjett 2020</b>	<b>Prognose 2020</b>	<b>Årsbudsjett 2021. Framlegg frå administrasjon</b>	<b>Lagt inn i budsjett modul</b>
Skatt på inntekt og formue	74 863 000	72 981 000	76 845 000	76 845 000
Rammetilskot	74 501 000	77 529 000	73 462 000	73 462 000
Eigedomsskatt - verker og bruk	15 500 000	15 777 445	16 500 000	16 500 000
Rentekompensasjon eldreomsorg / tilskot	669 000	669 000	669 000	669 000
Rentekompensasjon skule / tilskot	107 000	107 000	107 000	107 000
Konsesjonsavgift (inntekt)	7 402 000	7 402 000	7 402 000	7 402 000
Konsesjonskraft netto	18 000 000	16 901 549	10 300 000	10 300 000
<b>SUM FRIE INNTEKTER</b>	<b>191 042 000</b>	<b>191 366 994</b>	<b>185 285 000</b>	<b>185 285 000</b>
Renteinntekter	550 000	550 000	550 000	550 000
Utbyte SFE	1 000 000	1 200 000	1 000 000	1 000 000
Utbytte - Okken Kraft A/S	7 000 000	7 000 000	1 000 000	1 000 000
Renteutgifter lån	-6 700 000	-5 089 448	-4 500 000	-4 500 000
<b>Netto renteutgifter/-inntekter</b>	<b>1 850 000</b>	<b>3 660 552</b>	<b>-1 950 000</b>	<b>-1 950 000</b>
Mottekne avdrag på lån	100 000	100 000	100 000	100 000
Avdragsutgifter lån	-13 100 000	-13 100 000	-13 000 000	-13 000 000
<b>Netto avdragsutgifter</b>	<b>-13 000 000</b>	<b>-13 000 000</b>	<b>-12 900 000</b>	<b>-12 900 000</b>
<b>NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER</b>	<b>-11 150 000</b>	<b>-9 339 448</b>	<b>-14 850 000</b>	<b>-14 850 000</b>
<b>TIL FORDELING</b>	<b>179 892 000</b>	<b>182 027 546</b>	<b>170 435 000</b>	<b>170 435 000</b>

Som følge av sviktande kraftprisar vil Lærdal kommune få eit betydeleg redusert spelerom i 2021. Medan ein i det opphavelige budsjettet i 2020 kunne fordele kr 179,9 mill vil me i 2021 berre ha kr 170,4 mill til fordeling, dette er ein nedgang på 9,45 mill eller nesten 5%.

Driftsbudsjett 2020	Endra budsjett 2020	Prognose 2020	Årsbudsjett 2021. Framlegg frå administrasjon	Lagt inn i budsjett modul
<b>Til driftsrammer:</b>				
Ansvar 100 - Politisk styring og kontroll	3 486 000	3 296 712	3 386 000	3 941 400
Ansvar 110 - Rådmann	2 577 900	2 334 958	2 877 900	2 976 000
Ansvar 111 - Kyrkja og andre trussamfun	2 764 700	2 764 700	2 764 700	2 764 700
Ansvar 112 - Næringsføremål			-	
Ansvar 113 - Stab/støtte	12 959 600	12 436 279	12 959 600	12 042 100
Ansvar 114 - Plan og forvaltning	1 639 000	1 488 175	1 639 000	2 139 700
Ansvar 115 - Eigedomsforvaltar	-1 632 400	-1 060 233	-1 632 400	-1 557 000
Ansvar 116 - Landbruk	1 846 900	1 752 325	1 846 900	1 975 400
Ansvar 120 - borgund oppveksstenter	6 530 000	6 795 082	6 530 000	7 850 800
Ansvar 123 - Lærdalsøyri barnehage	11 808 500	11 811 559	11 808 500	12 458 500
Ansvar 129 - Lærdalsøyri skule	22 630 800	23 373 825	22 630 800	24 169 000
Ansvar 130 - Bu og miljøteneste	16 753 000	16 439 890	19 253 000	16 859 500
Ansvar 131 - Helse	6 463 500	8 926 261	6 463 500	9 143 000
Ansvar 132 - NAV kommune	3 687 300	3 374 237	3 687 300	3 665 900
Ansvar 133 - Pleie og omsorg	35 058 800	40 263 886	38 557 800	40 447 000
Ansvar 134 - Barnevern	5 029 400	4 436 978	5 029 400	5 084 000
Ansvar 135 - Flyktingtenesta				
Ansvar 136 - Sogn LMS	4 044 800	4 194 865	4 044 800	4 500 000
Ansvar 137 - Matforsyning	3 499 000	3 011 492	-	
Ansvar 151 - Kultur og formidling	5 939 400	5 664 770	5 859 400	6 779 987
Ansvar 162 - 164 Teknisk drift	17 546 900	17 880 726	16 671 900	18 410 100
Ansvar 163 - sjølvkost vatn og avlaup	-875 000	-875 000	-875 000	-875 000
Ansvar 176 pensjon ufordelt				
Avsetning til lønsreguleringsfond	3 300 000	500 000	3 300 000	3 300 000
<b>Sum fordelt til driftsrammer</b>	<b>165 058 100</b>	<b>168 811 487</b>	<b>166 803 100</b>	<b>176 075 087</b>

Einingane har gjort sine vurderingar på kva løyvingar dei treng i 2021 for å løyse sine oppgåver. Det er meldt inn eit behov på nesten 10 millionar utover den tildelte ramma som er basert på 2020-budsjettet. I tillegg til vidareføring av ramma frå 2020 er det behov for ei innsparing på ytterlegare 4,2 mill for at Lærdal kommune skal gå i balanse, dette er utan avsetning av midlar til disposisjonsfond.

<b>Disposisjonar:</b>				
Avsetning til disposisjonsfond	-5 481 900	-4 864 059		
Avsetning til næringsfond (konsesjonsavgift)	-7 402 000	-7 402 000	-7 402 000	-7 402 000
Avsetning til næringsfond (mottekne avdrag)	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Avsetning til fond (mottekne renter)	-350 000	-350 000	-350 000	-350 000
Avsetning til auka pensjonskostnadar	-500 000	-500 000		
Midlar til vedlikehaldsfond	-1 000 000			
Avsetning til ressurskrevjande brukarar				
Avsetning til prosjekt organisasjonsutvikling				
Bruk av disposisjonsfondet				
Overføring investeringsbudsjett (driftsoverskot)				
<b>Netto disposisjonar</b>	<b>-14 833 900</b>	<b>-13 216 059</b>	<b>-7 852 000</b>	<b>-7 852 000</b>
<b>Balanse</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-4 220 100</b>	<b>-13 492 087</b>

I følge Teknisk berekningsutval bør kommunane levere eit resultat på 1,75%. Dette gjev ei ytterlegare utfordring på tre millionar. I forhold til tala einingane har meldt inn er altså utfordringa på rundt 17 millionar.

Einingane er utfordra på at dei må sjå på lovpålagde tenester. Kommunen er heilt avhengig av å redusere driftsnivået betydeleg for å få ei innsparing i nærleiken av dette nivået.

## **Einingane**

Oversikt over kva oppgåver som ligg til dei forskjellige einingane.

Kva er lovpålagd? Kva bør vi drive med? Kva kan vi drive med?

## **Investeringar**

Prioriterte investeringar i 2021:

Teknisk:

Forprosjekt Byggetrinn 4 Lærdalsøyri skule, kr 1.000.000.

Varmepumpe, uavhengig revisjon for å vurdere prosjektet og korleis ein kan ta dette vidare, kr 200.000.

Ny bil, kr 550.000

Trafikktryggleiksprosjekt, kr 1.500.000.

IKT:

Lokal IKT Plattform	550 000 kr
Overgang frå lokal exchange til Office 365	200 000 kr
Oppvekst IKT	100 000 kr
Elev PC/ipad	400 000 kr
Digitale smart tavle oppvekst	600 000 kr
Nye Visma modul	150 000 kr
Nettverks utstyr	150 000 kr
Acos Oppgradering - modular	150 000 kr

Helse og omsorg:

Velferdsteknologi, kr 400.000

Personvarslingsanlegg, kr 400.000

Forprosjekt ombygging av fløy, kr 500.000

NAV:

Digisos, digitalisering av tenester, kr 260.000

**Alternativt budsjett med eigeidomsskatt**

Driftsbudsjett 2020	Endra budsjett 2020	Prognose 2020	Årsbudsjett 2021. Framlegg frå administrasjon	Lagt inn i budsjett modul	m/ eigedomsskatt
Skatt på inntekt og formue	74 863 000	72 981 000	76 845 000	76 845 000	76 845 000
Rammetilskot	74 501 000	77 529 000	73 462 000	73 462 000	73 462 000
Eigedomsskatt - verker og bruk	15 500 000	15 777 445	16 500 000	16 500 000	16 500 000
Eigedomsskatt - bustadar					2 400 000
Rentekompensasjon eldreomsorg / tilskot	669 000	669 000	669 000	669 000	669 000
Rentekompensasjon skule / tilskot	107 000	107 000	107 000	107 000	107 000
Konsesjonsavgift (inntekt)	7 402 000	7 402 000	7 402 000	7 402 000	7 402 000
Konsesjonskraft netto	18 000 000	16 901 549	10 300 000	10 300 000	10 300 000
<b>SUM FRIE INNTEKTER</b>	<b>191 042 000</b>	<b>191 366 994</b>	<b>185 285 000</b>	<b>185 285 000</b>	<b>187 685 000</b>
Renteinntekter	550 000	550 000	550 000	550 000	550 000
Utbyte SFE	1 000 000	1 200 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Utbytte - Okken Kraft A/S	7 000 000	7 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Renteutgifter lån	-6 700 000	-5 089 448	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000
<b>Netto renteutgifter/-inntekter</b>	<b>1 850 000</b>	<b>3 660 552</b>	<b>-1 950 000</b>	<b>-1 950 000</b>	<b>-1 950 000</b>
Mottekne avdrag på lån	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Avdragsutgifter lån	-13 100 000	-13 100 000	-13 000 000	-13 000 000	-13 000 000
<b>Netto avdragsutgifter</b>	<b>-13 000 000</b>	<b>-13 000 000</b>	<b>-12 900 000</b>	<b>-12 900 000</b>	<b>-12 900 000</b>
<b>NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER</b>	<b>-11 150 000</b>	<b>-9 339 448</b>	<b>-14 850 000</b>	<b>-14 850 000</b>	<b>-14 850 000</b>
<b>TIL FORDELING</b>	<b>179 892 000</b>	<b>182 027 546</b>	<b>170 435 000</b>	<b>170 435 000</b>	<b>172 835 000</b>
<b>Til driftsrammer:</b>					
Ansvar 100 - Politisk styring og kontroll	3 486 000	3 296 712	3 386 000	3 941 400	3 941 400
Ansvar 110 - Rådmann	2 577 900	2 334 958	2 877 900	2 976 000	2 976 000
Ansvar 111 - Kyrkja og andre trussamfun	2 764 700	2 764 700	2 764 700	2 764 700	2 764 700
Ansvar 112 - Næringsføremål			-		
Ansvar 113 - Stab/støtte	12 959 600	12 436 279	12 959 600	12 042 100	12 042 100
Ansvar 114 - Plan og forvaltning	1 639 000	1 488 175	1 639 000	2 139 700	2 139 700
Ansvar 115 - Eigdomsforvaltar	-1 632 400	-1 060 233	-1 632 400	-1 557 000	-1 557 000
Ansvar 116 - Landbruk	1 846 900	1 752 325	1 846 900	1 975 400	1 975 400
Ansvar 120 - borgund oppveksstenter	6 530 000	6 795 082	6 530 000	7 850 800	7 850 800
Ansvar 123 - Lærdalsøyri barmehage	11 808 500	11 811 559	11 808 500	12 458 500	12 458 500
Ansvar 129 - Lærdalsøyri skule	22 630 800	23 373 825	22 630 800	24 169 000	24 169 000
Ansvar 130 - Bu og miljøteneste	16 753 000	16 439 890	19 253 000	16 859 500	16 859 500
Ansvar 131 - Helse	6 463 500	8 926 261	6 463 500	9 143 000	9 143 000
Ansvar 132 - NAV kommune	3 687 300	3 374 237	3 687 300	3 665 900	3 665 900
Ansvar 133 - Pleie og Omsorg	35 058 800	40 263 886	38 557 800	40 447 000	40 447 000
Ansvar 134 - Barnevern	5 029 400	4 436 978	5 029 400	5 084 000	5 084 000
Ansvar 135 - Flyktningtenesta					
Ansvar 136 - Sogn LMS	4 044 800	4 194 865	4 044 800	4 500 000	4 500 000
Ansvar 137 - Matforsyning	3 499 000	3 011 492	-		
Ansvar 151 - Kultur og formidling	5 939 400	5 664 770	5 859 400	6 779 987	6 779 987
Ansvar 162 - 164 Teknisk drift	17 546 900	17 880 726	16 671 900	18 410 100	18 410 100
Ansvar 163 - sjølvkost vatn og avlaup	-875 000	-875 000	-875 000	-875 000	-875 000
Ansvar 176 pensjon ufordelt					
Avsetning til lønsreguleringsfond	3 300 000	500 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
<b>Sum fordelt til driftsrammer</b>	<b>165 058 100</b>	<b>168 811 487</b>	<b>166 803 100</b>	<b>176 075 087</b>	<b>176 075 087</b>
<b>Disposisjonar:</b>					
Avsetning til disposisjonsfond	-5 481 900	-4 864 059			
Avsetning til næringsfond (konsesjonsavgift)	-7 402 000	-7 402 000	-7 402 000	-7 402 000	-7 402 000
Avsetning til næringsfond (mottekne avdrag)	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Avsetning til fond (mottekne renter)	-350 000	-350 000	-350 000	-350 000	-350 000
Avsetning til auka pensjonskostnader	-500 000	-500 000			
Midlar til vedlikehaldsfond	-1 000 000				
Avsetning til ressurskrevjande brukarar					
Avsetning til prosjekt organisasjonsutvikling					
Bruk av disposisjonsfondet					
Overføring investeringsbudsjett (driftsoverskot)					
<b>Netto disposisjonar</b>	<b>-14 833 900</b>	<b>-13 216 059</b>	<b>-7 852 000</b>	<b>-7 852 000</b>	<b>-7 852 000</b>
<b>Balanse</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-4 220 100</b>	<b>-13 492 087</b>	<b>-11 092 087</b>

Ei innføring av eigedomsskatt på bustadar vil kunne styrke inntektssida i kommunen. Sentrale



føringar avgrensar denne til 1 promille første året og deretter kan ein auke med 1 promille kvart år. Første året vil inntektene kunne tilsvara kr 2,4 mill medan det kan aukast til 4,8 mill andre året dersom ein vel å auke til 2 promille. Makssatsen er no sett til 5 promille, dette tilsvarar ei inntekt på rundt 12 millionar.

## **Proessen**

Budsjett og økonomi- og handlingsplan skal leggjast fram formannskapet i møte 19. november. Fram mot denne datoen vil administrasjonen måtte ta fleire runder på einingane for å sjå korleis kommunen kan gjere dei naudsynte innsparingane.

Det er viktig at administrasjonen klarar å synleggjere kva som er handlingsrommet til politikarane innanfor dei forskjellige einingane. Oppgåveløysinga til kommunen må prioriterast etter lovpålagde oppgåver, bør-oppgåver og kan-oppgåver.

Etter formannskapsmøtet den 19. november skal framlegget frå formannskapet ut på høyring i 14 dagar. Det endelege budsjettet skal vedtakast i kommunestyret den 10. desember.

Det er viktig at alle har ei forståing for at dette vil bli ein utfordrandre prosess som vil krevje mykje av både politikk og administrasjon.

Lærdal kommune har i 2020 eit disposisjonsfond på 10 millionar, avhengig av resultatet i 2020 vil dette auke noko. Truleg vil kommunen måtte budsjettere med noko bruk av dette i 2021, men målet må vere at bruken av dette skal vere minst mogleg. På sikt er kommunen avhengige av at me kjem ned på eit driftsnivå der vi kan levera eit netto driftsresultat på 1,75%. Målet må vere at me vert mindre avhengige av dei svingande kraftinntektene i drifta.



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
175/20	Formannskapet	29.10.2020
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/741 - 2
---------------------------	--------	-------------------------

### Framtidig organisering av næringsapparatet i Lærdal kommune

#### Kort samandrag:

Rådmann har fått i oppdrag frå formannskapet å leggje fram ei sak om framtidig organisering av nærings- og tiltaksarbeidet i kommunen til kommunestyret. I vedtak i sak 143/20 står følgjande;

Formannskapet ber rådmannen starte arbeidet med utgreiing av ulike modellar for organisering av næring- og tiltaksarbeidet i Lærdal kommune. Utgreiinga skal vektlegge følgande:

- Status for LNU i dag, og for næringslivet i kommunen
- Organisering av næringsarbeidet i andre kommunar med dømer frå kommunar som har dette lagt under rådmannen og kommunar som har det utanfor
- Samarbeid med kommunen om planarbeid, kultur, felles møteplassar for næringsliv, kommune og lag og organisasjonar

Formannskapet ber rådmannen legge fram utgreiinga med tilråding om organisasjonsmodell. Ein legg opp til at saka skal handsamast i formannskapsmøte 29. oktober og i kommunestyret 5. november.

#### Rådmannen si tilråding:

1.

Lærdal kommunestyre vedtek at næringsapparatet vert organisert som eiga avdeling/funksjon organisert i stab til rådmannen. Det vert oppretta ei heil stilling som nærings- og arrangementsrådgjevar. Endringa vert gjort gjeldande frå 1. januar 2021.

Målet med å organisere næringsapparatet som ein del av den kommunale organisasjonen, er å sikre god samhandling mellom einingar med ansvar for utviklingsrelaterte oppgåver som strategisk planlegging, arealforvaltning, kulturbasert næringsutvikling, grøn omstilling og klimasatsing, landbruk, bustadutvikling, stadutvikling, infrastruktur og miljø.

2.

Det vert inngått ein avtale om kjøp av næringsutviklingstenester frå ekstern næringsaktør i regionen tilsvarande 50 % stilling gjeldande frå tidlegast 1. januar 2021. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne avtalen.

3.

Lærdal kommunestyre tilrår at LNU AS vert oppløyst, jfr aksjelova § 16-1. Ordførar får som kommunen sin eigarrepresentant, fullmakt til å be om innkalling til ekstraordinær generalforsamling på bakgrunn av vedtak om endra organisering av næringsapparatet.

## 29.10.2020 Formannskapet

### Framlegg frå SP:

1. Saka vert utsett
2. Administrasjonen, i dialog med næringslivet i Lærdal v/Lns og Bondelaget, legg opp ein prosess der næringslivet får høve til å medverka og påverka utfallet
3. Det må i saka gjevast konkrete døme på eventuelt dobbeltarbeid med dagens organisering, og faktabasert argumentasjon for at ei organisering i rådmannen sin stab vil gje betre resultat.
4. Saka vert lagt fram på nytt når arbeidet ovanfor er ferdigstilt og kvalitetssikra.

### Røysting:

Tilråding frå rådmann: 3 røyster (AP, SV)

Framlegg frå SP: 2 røyster (SP, H)

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 3 mot 2 røyster

### FS-175/20 Vedtak:

1.

Lærdal kommunestyre vedtek at næringsapparatet vert organisert som eiga avdeling/funksjon organisert i stab til rådmannen. Det vert oppretta ei heil stilling som nærings- og arrangementsrådgjevar. Endringa vert gjort gjeldande frå 1. januar 2021.

Målet med å organisere næringsapparatet som ein del av den kommunale organisasjonen, er å sikre god samhandling mellom einingar med ansvar for utviklingsrelaterte oppgåver som strategisk planlegging, arealforvaltning, kulturbasert næringsutvikling, grøn omstilling og klimasatsing, landbruk, bustadutvikling, stadutvikling, infrastruktur og miljø.

2.

Det vert inngått ein avtale om kjøp av næringsutviklingstenester frå ekstern næringsaktør i regionen tilsvarande 50 % stilling gjeldande frå tidlegast 1. januar 2021. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne avtalen.

3.

Lærdal kommunestyre tilrår at LNU AS vert oppløyst, jfr aksjelova § 16-1. Ordførar får som kommunen sin eigarrepresentant, fullmakt til å be om innkalling til ekstraordinær generalforsamling på bakgrunn av vedtak om endra organisering av næringsapparatet.

#### **Vedlegg:**

Organisering av næringsapparatet i Lærdal kommune

Drøftingssak - organisering av kultur

Sluttrapport omstilling elektronisk

LNU uttale organisering av næringsapparat endeleg

Innspel frå Lærdal næringsssamskipnad

**Relevante dokument i saka**

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Aksjelova:

#### **§ 16-1. *Beslutning om oppløsning***

*Beslutning om å oppløse selskapet treffes av generalforsamlingen med flertall som for vedtektsendring når ikke noe annet er bestemt i lov.*

#### **Saksutgreiing**

Kva som kjenneteiknar ein kommune som lukkast med næringsutviklingsarbeidet, er

avhengig av kva vurderingar ein legg til grunn. Men arbeidsplassvekst i lokalt næringsliv, tal nyetableringar og auka verdiskaping i det lokale næringslivet er ofte målsettingar som går att i nærings- og samfunnsplanar. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det overordna målet folketalsvekst.

Kommunen si rolle som næringsutviklar er omfattande og kompleks, og skilje mellom samfunnsutvikling og næringsutvikling, har minska med åra.

Organisering av næringsapparatet er ikkje nødvendigvis den viktigaste faktoren for å lukkast med næringsutvikling i ein kommune, men det er heilt avgjerande med ei tett samhandlinga mellom aktørar innan næringslivet og kommunen sitt apparat innan plan, byggesak, landbruk, kultur samt administrativ og politisk leiing.

### Status for LNU og næringslivet i dag

Lærdal Næringsutvikling (LNU AS) er organisert som eit aksjeselskap med eit eige styre, der Lærdal kommune eig 2/3 av aksjane og Lærdal Næringsssamskipnad 1/3.

Selskapet har to heiltidstilsette, men på grunn av permisjon har arrangementskoordinator vore konstituert som nærings sjef/dagleg leiar det siste året.

I kunngjering i Brønnøysundregisteret ved etableringa i 2012 står følgande om føremålet til LNU AS:

*Arbeide aktivt for å fremja næringslivet i Lærdal.*

*Selskapet skal utforme planar for næringsutviklingsarbeidet i Lærdal kommune og ha ansvar for å sette i verk planane. Desse planane må i naudsynt understrening vere godkjent av kommunen i tråd med kommunelova sine reglar.*

*Selskapet kan:*

- a) Gje rettleiing til einskildpersonar og bedrifter.*
- b) Ta ei aktiv rolle i prosjekt som gjeld næringsutvikling i Lærdal kommune eller regionen.*
- c) Vere kontaktorgan mellom næringslivet, kommunale og andre offentlege styresmakter.*
- d) Informere lokalsamfunnet om næringslivet, slik at ein fremjar forståing mellom desse.*
- e) Arbeide med oppgåver som er en felles interesse for det lokale næringslivet.*
- f) Der det er særskild behov for det, kan selskapet delta eigarskap ved etablering av selskap/reorganisering av selskap med kommunen si godkjenning.*

Frå selskapet blei etablert i 2012 og i perioden fram til 2018, hadde Lærdal kommune status som omstillingskommune, og det operative arbeidet med omstillingsprogrammet har vore ei sentral oppgåve for LNU i desse åra.

I sluttrapporten som kommunestyret handsama i juni-2020, er konklusjonen at målet om fleire arbeidsplasser er delvis nådd, medan målet om folketalsvekst vart snudd til folketalsnedgang.

Det blei nytta totalt 26 millionar til omstillingsarbeidet i perioden.

#### Organisering av næringsarbeidet i andre kommunar

##### Luster kommune:

Eigen næringssjef organisert i stab til rådmannen. Næringssjefen har tett samarbeid med rådmannen, ordførar og ulike avdelingar lokalisert på rådhuset som plan og byggesak og landbruk. Luster kommune er blant dei få kommunane i regionen som dei siste åra har hatt ei positiv folketalsutvikling, og kommunen har eit variert næringsliv der mellom anna landbruket og reiselivet står sterkt.

##### Vik kommune

Kommunen har eigen næringssjef organisert i eiga avdeling underlagt rådmannen. Kommunen har på gang eit arbeid med å få til eit samarbeid med Sogn Næring gjeldande frå 2021.

##### Sogndal kommune

Kommunen har ei eige tenesteeining; Samfunn og næring der ein har organisert landbrukstenesta saman med næring med felles tenesteleiar. I tillegg har Sogndal kommune eit eige næringsselskap; Sogn Næring AS som har som føremål å bidra til auka tal på arbeidsplassar i regionen. Selskapet skal mellom anna legge til rette for dei som ynskjer å starte eiga bedrift eller utvikle eksisterande verksemd. Tenester selskapet tilbyr er hjelp til utvikling av forretningsidé, gjennomgang av forretningsmodell, rettleiing til kapitalverkemidlar, kontorplass, nettverk lokalt og regionalt samt bistand ved kompetansebehov. Selskapet tilbyr også samarbeid om næringsutvikling med andre kommunar i regionen.

Sogndal kommune skorar høgt på på ulike barometer knytt til næringsutvikling og bustadattraktivitet, og er ein kommune i vekst.

##### Årdal kommune

Kommunen organiserer næringsapparatet utanfor kommunen gjennom stiftinga Årdal Utvikling, som er lokalisert i egne lokale utanfor rådhuset. Som ei fast ordning er det varaordførar eller ordførar som er styreleiar, elles er styret representert med folk frå næringslivet og representantar for folkevalde. Mykje av innsatsen til næringsselskapet har vore retta mot industrien og avviking av arbeidsplassar, og satsing på teknologiarbeidsplassar. Selskap som Situp og Årdal Teknologipark er etablert som ein del av denne satsinga, i tillegg er utvikling av reiselivet satt på agendaen.

#### Høyanger kommune

Høyanger Næringsutvikling AS er organisert som eit aksjeselskap der kommunen eig vel 89 % av aksjane. Kommunen har lang tradisjon med å organisere næringsutviklinga utanfor kommunen. Mykje av næringsarbeidet i Høyanger har vore knytt opp til omstillingsarbeidet i tilknytning til nedbygging/avvikling av industrien. Kommunen har nyleg hatt oppe til vurdering sak om å legge næringsapparatet inn i den kommunale organisasjonen, men kommunestyret konkluderte med å vidareføre noverande ordning med HNU AS.

#### Aurland kommune

Kommunen har ein eigen næringsrådsgjevar som er organisert i stab til rådmannen, og er knytt opp til plan og forvaltning. Kommunen er i tillegg medeigar i konsernet Aurland Ressursutvikling AS som er eit dei største konserna i Norge med satsing på reiselivet.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Lærdal kommune overfører kvart år 7,4 millionar frå nærings- og konsesjonsfondet. Dette er inntekter knytt til konsesjonsavgift frå Østfold Energi, og bruk av midlane skjer i samsvar med eigne vedtekter for fondet. Økonomisk støtte/tilskot til næringsutvikling vert handsama av formannskapet etter tilråding frå styret i LNU AS.

#### **Vurdering**

Det er ikkje noko fasit for korleis ein organiserer nærings- og tiltaksarbeid i ulike kommunar i landet, og det er ikkje gitt at ei endring av organisasjonsmodellen er avgjerande for å lukkast lokalt. Organiseringa er avhengig av den enkelte kommune sitt utgangspunkt, storleik, tilgjengelege lokale ressursar og eldsjeler, og utfordringar knytt til særtrekk ved kommunen. Kva som er god næringsutvikling og korleis ein vurderer effekten av arbeidet avheng av kva forståing ein har for utfordringane og kva kommunestyret ønskjer å oppnå.

Kommunane si rolle som næringsutviklar har dei siste åra endra seg, og samfunnsperspektivet er vorte meir framtreddande.

Tradisjonelt har arbeid med næringsutvikling teke utgangspunkt i at om arbeidsplassane blei etablerte, så flytta folk etter og nyetablering av arbeidsplassar bidrog til folkevekst. I dagens samfunn er arbeidskraft og kompetanse i større grad ein knappheitsfaktor, og det å lukkast med næringsutvikling handlar difor om meir enn å skape arbeidsplassar. Det skal vere attraktivt både å bu og jobbe ein stad, og i ein kommune. Tilgang til bustader og bustadtomtar, jobb til ektefelle/sambuar, lokalt kulturtilbod m.v. er faktorar som påverkar kommunen sin attraktivitet. Kommunar som har vekst klarer å styrke sin samla attraktivitet for både næringsliv, busetjing og besøkande.

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 21/2020 Framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2021

<b>Sakshandsamar</b> Richard Nesheim	<b>Møtedato</b> 23.11.2020	<b>Saknr</b> 21/2020
---	-------------------------------	-------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2021.

#### VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1		Sekretariatet	Utkast til møteplan for 2021

#### Saksutgreiing:

Vedlagt ligg utkast til møteplan for kontrollutvalet i 2021. Utkastet er eit utgangspunkt for planlegging og er såleis meint å endrast i høve til korleis dette passar medlemmene i kontrollutvalet.



## Utkast til møteplan for kontrollutvalet i Lærdal 2021

I tillegg til oppsette saker kjem andre aktuelle saker for kontrollutvalet. Dette er ikkje ei endeleg sakliste, og punkt kan bli flytta mellom møta.

Møte	Tidspunkt	Saker:
1. møte	22. februar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsmelding for kontrollutvalet</li> <li>• Bestillingsdokument eventuelt forvaltningsrevisjonsprosjekt inneverande år</li> <li>• Budsjett for kontrollutvalet (orientering om vedtak)</li> </ul>
2. møte	19. april (møtedato kan bli flytta avhengig av kor tid årsrekneskapen skal handsamast i formannskapet)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsrekneskap for kommunen (fråsegn frå kontrollutvalet)</li> <li>• Val av leverandør av forvaltningsrevisjon/selskapskontroll (tentativt)</li> </ul>
3. møte	14. juni	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgang tertialrapport (1. tertial)</li> <li>• Gjennomgang årsrekneskapen for Okken Kraft AS</li> </ul>
4. møte	20. september	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging av eventuelle revisorbrev</li> <li>• Budsjett kontrollutvalet (forslag til administrasjon)</li> <li>• Handsaming ev. forvaltningsrevisjonsrapport</li> </ul>
5. møte	22. november	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgang av tertialrapport (2. tertial)</li> <li>• Innspel til årsmelding for neste år</li> <li>• Møteplan for neste år</li> </ul>